

Sakshandsamar:

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 14/492-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

4838/14

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 07.02.2014

Vedlegg til sak: Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar - Jølsterpakken

Saksutgreiing for Helgheim kraftverk

1. Omtale av tiltaket.


Tiltaksområdet ligg i Helgheimsdalen på nordsida av Jølstravatnet. Dalen deler seg i to ved Huusstølen. Huusdalen går nordøstover, medan Helgheimsdalen dreier mot nordvest. Det er gardsdrift på begge sider av elva frå vatnet på kote 210 og oppover til ca. kote 360. Høgare oppe har det vore planta mykje gran. Stølselva frå Huusdalen er planlagt overført til Helgheimselva. E 39/ Rv 5 går gjennom bygda nede ved vatnet. Ei 22 kV linje mellom Moskog og Skei går ovanfor gardane ca. 500 meter frå vatnet. Ei 132 kV linje mellom Moskog og Skei kryssar dalen rett sør for Huusstølen. Det går skogsbilvegar oppover dalen både frå Helgheimssida (vest) og frå Huus-sida (øst). Elva renn med relativt jamt fall nedover. Langs begge sider av elveløpet er tilvokse med skog, mest i øvre delen, mindre der det er dyrka mark på begge sider. Eit stykke før utløpet i vatnet er elva forbygd for å sikre riksvegen og Helgheim kyrkje.

Søkjaren, Helgheim Kraft SUS, er eigd av grunneigare som har fallrettar i området.

Hovuddata for Helgheim kraftverk

	Alt. 1, med Stølselva	Alt. 2, utan Stølselva
Tilsi		
Nedbørsfelt, km ²	10	8
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	0,78	0,62
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	29	23
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	45	36
Fem-persentil* vinter, liter/sek	40	32
Kraftverk		
Inntak, kote	469	469
Avløp, kote	214	214
Brutto fallhøgde, meter	255	255
Slukeevne, maks m ³ /sek	1,3	1,05
Slukeevne, min m ³ /sek	0,13	0,11
Installert effekt, maks MW	3	2,4
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	45/45	36/36
Brukstid, timar	2900	2800
Produksjon		
Årleg middel, GWh	7,4	6,6
Økonomi		
Utbyggingskostnad, mill. kr.	29	..
Utbyggingspris, kr/kWh	3,92	..

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.



Oversiktskart: Inntak i Helgheimselva og Stølselva. Rørgate og kraftstasjon m.m. er vist.

Ved inntaket i Helgheimselva er det planlagt ein tre meter høg og 25 meter lang betongdam over elva. Neddemt areal ca. 800 m². Det er planlagt overføring frå eit inntak i Stølselva på kote 486: her skal det byggast ein sperredam med høgde 1-2 meter og breidde ca. 5 meter. Overføringsrøret vil bli ca. 350 metre langt. Stølselva renn naturleg saman med Helgheimselva på kote 350. Vassvegen (1300 meter) er planlagt som nedgravde rør langs vestsida til elva. Det er berekna noko sprenging av grøft for øvst oppe. Kraftstasjonen, grunnflate 75 m², er planlagt nord for elva ca. 160 meter frå utløpet i Jølstravatnet. Det er kort veg til næraste hus (60 meter) og til Helgheim kyrkje (100 meter), og det må leggjast stor vekt på støydemping. Eksisterande veg opp Helgheimsdalen går høgare enn den planlagde inntaket. Ein kort tilkomstveg (50 meter) må byggast. Tilkomst til kraftstasjonen vil bli 140 meter ny veg lags nordsida av elva, eller ein kort veg frå parkeringsplassen ved kyrka og ny bru over elva. Tilkopling til eksisterande linje er planlagt som ein 50 meter lang jordkabel.



Helgheim og Huus sett frå sørsida av Jølstravatnet.



Foto oppstrøms inntaksområdet i Helgheimselva. Her går elva over sva.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 45 liter/sek frå inntaket, fordelt på 36 l/sek i Helgheimselva og 9 l/sek i Stølselva (tilsv. 5-persentil sommar). I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaket i Helgheimselva vere større enn kraftverket si maksimale slukeevne (1,3 m³/sek) i 57 dagar (overløp). Nedbørsfeltet mellom inntaka og kraftstasjonen (restfeltet) vil i gjennomsnitt gje ei vassføring på 90 liter/sek ved kraftstasjonen.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon

Det er ikkje venta spesielle ulemper på grunn av kraftutbygginga.

Terrestrisk miljø

Det er ikkje venta nemnande konsekvensar.

Akvatisk miljø, sitats. 34 i søkn.

Under prosjekteringa av anlegget har ein valt å trekke utløpet frå kraftstasjonen oppover i elva for å komme ovanfor området som blir sett på som ei viktig gytestrekning i den biologiske rapporten. Strekinga ovanfor kraftstasjonen med moglegheit for fisk å kome opp er mindre nytta, og den har ikkje betydning for gyting. Det er sjeldsynt fisk som går vidare oppover etter gytestrekninga, men det

førekjem at nokre fisk freistar å kome lengre opp i elva. Ein har eit markert vandringshinder på kote 225. Dette er det høgste punktet ein tidlegare har fiska frå. Det absolutte vandringshinderet ligg ca. på kote 240 like nedanfor ei øy i elva.

Anlegget skal prosjekterast med omløpsventil for å sikre tilstrekkeleg vannføring for fisken i elva ved stopp i anlegget, og ein vil vurdere å bygge tersklar nedtrøms kraftverket for å halde oppe vannspeilet dersom NVE / Fylkesmannen meiner at elva er eit viktig gyteområde for Jølstra auren. Dette kan ein for eksempel gjere ved å legge ut blokker som kan skape fleire kulpar, og rydding av stor stein i eksisterande og nye kulpar for å gje større areal med finare elvebot

Landskap og inngrepsfrie naturområde

Det er ikkje venta nemnande konsekvensar.

Kulturminne og kulturmiljø, sitat s. 33 i søkn.:

Det er ikkje venta nemnande konsekvensar.

Brukarinteresser, sitat s. 36

Inntaket til kraftverket ligg 70m frå vegen som går innover mot Helgheimstølen og vil bli lite synleg frå vegen. Inntaket ligg 1,2 km frå Helgheim stølen og 1 km frå Hus stølen. Under anleggstida vil trafikken på stølsvegen auke då transport av betong, røyr og massar vil skje på den eksisterande vegen.

Etter anlegget er ferdig vil det ikkje gj nokon endringar i bruken av området. Rørgate traseen vil bli tilsådd og arrondert slik at terrenget får tilbake si opphavlege form. Sjølve kraftstasjonen ligg i eit område som i dag ikkje er i bruk, og vil bli inneklemt i ein bakke mellom dyrkamark og elvekanalen.

Samfunnsmessige verknader

Samla investering er kalkulert til om lag 29 mill. kroner. I anleggsperioden vil det bli aktuelt å leige inn entreprenørar, og ein del av arbeidet vil kunne utførast av lokale. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 3,92 kr/kWh, som er om lag middels pris.

Sumverknader/samla belastning, sitat s. 38 i søknaden.

Når det gjeld omkring liggjande vassdrag er det planlagt eller bygt fleire anlegg. Dette har samanheng med fleire naturgitte forhold, som mykje nedbør og store høgdeskilnader. I Jølster kommune er det etter kvart bygd mange småkraftanlegg. Desse gjev viktige bidrag til lønsemda for einskildbruka og gjev gode inntekter til kommunen.

Kraftverka Åmot, Kupekraft, Paulen, Øvrebø og Neselva II er alle søknader som skal handsamast etter vassressurslova. Sunnfjord Energi er konsulent for Paulen og Kupekraft, og grunneigarane sjølv står som tiltakshavar. Desse kraftverka vil også isolert sett få små negative konsekvensar for miljøet, men det er vanskeleg å vurdere i kor stor grad dei negative effektane av desse tre kraftverka vil akkumulera. Når det gjeld tilhøvet for gyting for aure kan det tenkast at den vil få reduserte moglegheiter til gyting dersom det foregår gyting også i dei omkringliggande elvene der det er søkt om eller allerede står eit kraftverk. Sunnfjord Energi er ikkje kjent med miljøverknadane til dei andre omsøkte kraftverka, og kan såleis heller ikkje gjere noko vurdering av sumverknad i forhold til desse.

Avbøtande tiltak

Søknaden er basert på at det skal sleppast minstevassføring heile året, 45 liter/sek som tilsvarer 5-persentil om sommaren. Basert på å sleppe minstevassføring tilsv. alminneleg lågvassføring, ville produksjonen gå opp med 0,2 GWh. Det skal leggest stor vekt på støydempande tiltak. Omløpsventil i kraftverket og tersklar i elva nedstrøms er aktuelle tiltak.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 7,4 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 29 mill.kr. Utbyggingsprisen er berekna til 3,92 kr/kWh, som er om lag middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av inntak, nedsprengt/nedgravd rørgate, bygging av kraftstasjon og redusert vassføring i Helgheimselva og Støselva.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomen til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Helgheimselva er lite synleg frå området rundt. Elva har tett vegetasjon på begge sider, og området er prega av plantefelt for gran i dag. Elva går delvis i eit trangt gjel. Her er ikkje fossefall og stryk som dominerer i landskapsbildet. Rørgata ligg godt til sides for elvestrengen.

Inntaksarrangementet vil ligge på eit relativt flatt og myrlendt område og i flukt med terrenget og bli dermed lite synleg. Kraftstasjonen blir liggande ved ein bakke og vil bli lite dominerande i terrenget. Fylkesrådmannen konkluderer med at tiltaket vil bety berre små konflikhtar i høve landskap og friluftsliv.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Vi er usamd med tiltakshavar si vurdering i forhold til om tiltaket har konsekvensar overfor kulturminne.

Ved Kantelen finn vi steingardar og restar etter eit gammalt vegfar. Dette kjem direkte i konflikt med traseen for rørgata. Her må det finnast ei anna løysing som ikkje råkar kulturminna i området. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Planlagd veg fram til kraftstasjonen er eit gammalt vegfar og må i samband med utbygginga handsamast som eit kulturminne. Det må av den grunn ikkje gjerast større terrenginngrep i dette området. Vegbana må liggje som før og det må ikkje gjerast skade på eksisterande kulturminne som brukar og fundament etter kvernhus. Kraftstasjonen må ikkje leggjast slik at den stenger det gamle vegfaret.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er dermed ikkje klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Vi er usamd med tiltakshavar som hevdar at det ikkje er potensiale for kulturminne i området. Dette er utmarksområde som har blitt nytta i dei fleire tusen år det har blitt drive gardsdrift. Det er dokumentert ved automatisk freda kulturminne på innmarka på gardane, og informasjonen er tilgjengeleg på databassen www.askeladden.ra.no. § 9 undersøking må gjennomførast. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til etterfølgjande sakshandsaming, eventuelt utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

Samla vurdering

Fylkesrådmannen konkluderer med at tiltaket vil bety berre små konflikhtar i høve landskap, friluftsliv og kulturminne og vil rå til at det vert gitt konsesjon. Det er kort avstand frå kraftstasjonen til næraste hus (60 meter) og til Helgheim kyrkje (100 meter). Det må difor leggjast stor vekt på støydemping og tilpassing i forhold til landskap og til bygningsmiljø. Forholdet til kulturminne må avklarast.

4. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt konsesjon. Det må leggjast stor vekt på støydemping i og ved kraftstasjonen og tilpassing i forhold til landskap og til bygningsmiljø.